

Arkivsak-dok. 14/00201
Saksbehandler Ola Frogner

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	18.02.2014	14/14
2 Kommunestyret	06.03.2014	22/14

SAKSPROTOKOLL

Tildeling av kommunale bustadtomter i kommunale bustadfelt og enkelttomter - Endring av retningslinjer

Kommunestyret har behandlet saken i møte 06.03.2014 sak 22/14

Behandling i Kommunestyret 06.03.2014

Olav Støyten (Krf) la fram nytt framlegg til tillegg til vedtaket frå formannskapet:

1. Det må gjennomgåande i retningslinjene byttast ut lokale eigedomsutviklarar med lokale entrepenørar.
2. Tillegg i punkt 1.3. Setningen startar med Bestemte
3. Nytt strekpunkt i punkt 2.2
- Kva for einebustadtomter som kan seljast til lokale entrepenørar.

Votering

Framlegget til Olav Støyten (Krf) punkt 1 vart sett opp mot Formannskapet si innstilling. Støyten (Krf) sitt framlegg fall med 8 røyster (2 x Krf, 5 x Sp og 1x Sv) mot 9. Formannskapet sitt framlegg vart vedteke.

Framlegget til Olav Støyten (Krf) punkt 2 vart sett opp mot Formannskapet si innstilling. Støyten (Krf) sitt framlegg vart vedteken med 10 røyster (2 x Krf, 5 x Sp, 1 x Sv og 2 x Ap) mot 7.

Framlegget til Olav Støyten (Krf) punkt 3 vart sett opp mot Formannskapet si innstilling. Støyten (Krf) sitt forslag vart vedteke med 10 røyster (2 x Krf, 5 x Sp, 1 x Sv og 2 x Ap) mot 7.

Vedtak

1. FØREMÅL OG MÅLGRUPPE

1. Målgruppa for dei kommunale bustadtomter er enkeltpersoner, og familiar som sjølv skal nytte bustadtomta som ein kommande heilårsbustad.
2. Tomt for fleirmannsbustad kan seljast til lokale eigedomsutviklarar som får høve til å utvikle desse tomtene for målgruppa jfr. pkt 1.1 over.
3. Bestemte tomter for einebustad kan seljast til lokale eigedomsutviklarar

2. KUNNGJERING

1. Bustadtomter for sal skal kunngjerast ledige i dagspressa, på heimesida vår og i Kommuneposten
2. Før kunngjering skal saka leggjast fram for formannskap som kan bestemme:
 - a. at verksemder / institusjonar kan få bestemte kvoter av tomter innanfor kvart enkelt felt
 - b. at eit bestemt antal tomter kan reserverast til spesielle formål
 - c. kva for einebustadtomter som kan seljast til lokale eigedomsutviklarar
3. I kunngjeringa skal det fastsettest bestemt frist for innlevering av søknad på bustadtomt

3. SØKNAD

1. Søknad på bustadtomt skal skrivast på fastsett skjema
2. Ektefeller, sambuarar eller andre som aktar å bu saman kan berre levere ein søknad
3. Firma som søkjer på vegne av tilsette, må oppgje namn på desse. Om dette ikkje er mogeleg, må det grunngjevast i søknaden.
4. Ved sal av 2- eller fleirmannsbustadar kan lokale eigedomsutviklarar likestiltes med kjøparar beskrive i pkt. 2.2 på vilkår om at reglane i høve til buplikt etter konsesjonslova vert følgt opp.
5. På søknadsskjema kan søkjar sette opp 3 ynskjer i prioritert rekkjefølge

4. FORDELING

1. Etter at søknadsfristen har gått ut, tek formannskapet ut kjøparane til tomtene. Dei har rett til å forkaste søknader som ikkje oppfyller krava etter punkt 3.2
 - a. Dersom kjøpartalet overskrider tomtetalet, eller det er fleire som har søkt på same tomta, tek formannskapet tomtkjøparane ut ved loddtrekning.
2. Søkjarar som har einebustad eller byggjetomt i Hemsedal kommune skal haldast utanfor når antal søkjarar overstiger antal ledige tomter. Dette unntaket gjeld likevel ikkje dersom vedkommande kan dokumentere at dei skal selje einebustad/ byggjetomt som lekk i å finansiere tomtkjøp.
3. Dersom det melder seg fleire søkjarar til ei bestemt tomt, vert tildelinga føreteke ved loddtrekning. Lokale eigedomsutviklarar deltek ikkje i loddtrekinga (enkeltpersoner, og familiar som sjølv skal nytte bustadtomta som ein kommande heilårsbustad har fortrinn).
4. Kjøparar av tomter som er reserverte til bedrifter/institusjoner eller spesielle formål etter punkt 2.2, vert utpeika av formannskapet.

5. KJØPEVILKÅR

1. Tomta skal betalast kontant mot skøyte.
2. Kjøpesummen for tomtene vert indeksregulert pr 1. januar kvart år i tråd med konsumprisindeksen, med utgangspunkt i indeksen pr 15. oktober.

3. Tomtekjøparane må ha sett i gang byggjearbeidet innan 2 år etter overskøytinga. Byggjeløyve fell bort dersom arbeidet vert innstilt i lengre tid enn 3 år etter at løyve er gjeve. Det vert vidare føresett at byggjearbeidet vert ferdigstilt i tråd med Plan og bygningslova sine krav til ferdigstilling.
4. Dersom tomta ikkje er teke i bruk som bustad før 5 år etter underskrive skøyte, plikter kjøparen, dersom kommunen krev det, å skøyte ho attende til kommunen for same pris jfr. pkt. 5.1 og utan omkostningar (dok.avgift, tinglysningsgebyr etc.) for kommunen. I slike høve skal tomtekjøparen betale eit betalingsgebyr tilsvarande 1% av kjøpesummen til kommunen. Kjøparen har rett til å få attendebetalt tilkoblingsavgifter for vatn, kloakk og oppmålingsgebyr.
5. Dersom tomtekjøpar ynskjer å overdra tomta til andre innan byggjefristen på 2 år, skal kommunen ha forkjøpsrett, og overdragelsen skal da følgje same vilkåra som pkt. 5.4. over.